

### **Behandling i Fylkestinget - 13.06.2017**

Frøydis Austigard (V) fremma følgjande forslag til tillegg på vegner av Venstre, Kristin Sørheim(SP), Yvonne Wold (SV), Randi Karin Asbjørnsen( Sml), Bjarne Kvalsvik( UVS) , Mette Belden ( Uavh), Nils Fløystad (Uavh) og Runar Vestheim (Uavh).

«Det blir ikkje pålagt nyplanting av skog der gardbrukaren vil nytte jorda til anna aktiv jordbruksproduksjon som slåttemark eller beite.»

Heidi Nakken (H) fremma følgjande forslag:

«Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017 -2021 sendast attende for vidare arbeid.

Fylkestinget ber administrasjonen legge Stortingsmelding 11 (2016-2017) til grunn for vidare arbeid.»

Yvonne Wold (SV) trekker seg som forslagsstiller.

### **Votering:**

Forslag fremma av Heidi Nakken fekk 15 røyster og fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteke mot 3 røyster.

Forslag fremma av Frøydis Austigard på vegner av fleire vart vedteke mot 15 røyster.

### **Vedtak i Fylkestinget - 13.06.2017**

Fylkestinget vedtek Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017-2021.

Meldinga skal vere førande for fylkeskommunens gjennomføring av «Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020».

Det blir ikkje pålagt nyplanting av skog der gardbrukaren vil nytte jorda til anna aktiv jordbruksproduksjon som slåttemark eller beite.